

Fra: Postmottak@OED.DEP.no
Sendt: 1. desember 2015 14:22
Kopi: NVE
Emne: Småkraft AS - Vedtak i forbindelse med klage på løyve til bygging av Øvre Alsåker kraftverk i Ullensvang herad i Hordaland

Småkraft AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	14/1371-	1.12.2015

Løyve til bygging av Øvre Alsåker kraftverk i Ullensvang herad i Hordaland –handsaming av motsegn

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) ga den 22.4.2014 Småkraft AS løyve til bygging av Øvre Alsåker kraftverk. Fylkesmannen i Hordaland fremja motsegn mot kraftverket 5.7.2013 då saka var på høyring. Fylkesmannen har oppretthelde si motsegn og NVE har i brev av 4.8.2014 sendt saka til departementet for endeleg avgjerd.

1. BAKGRUNN

Småkraft AS søkte 21.3.2013 om å få byggje Øvre Alsåker kraftverk i Ullensvang herad i Hordaland. Kraftverket vil nytte eit fall på 356 m i Alsåkerelvi frå inntak på kote 661 ned til kraftstasjon på kote 305. Frå inntaket skal vatnet gå i tunnel i om lag 575 m før det går over i ei 1550 m lang nedgrave rørgate. Øvre Alsåker kraftverk er planlagt med ei installert effekt på 5,75 MW og vil produsere om lag 16 GWh i eit middels år.

Søknaden om løyve til Øvre Alsåker kraftverk blei handsama av NVE saman med 12 andre søknadar om vasskraftverk på Folgefonnhalvøya.

Ullensvang herad er positiv til prosjektet, men ønskjer ei mest mogleg skånsam utforming av anlegget. **Fylkesmannen i Hordaland** har fremja motsegn til prosjektet. **Hordaland fylkeskommune** meiner at det må setjast krav om høgare minstevassføring enn det som er omsøkt av omsyn til to fossesprøytsoner på fråført strekning. Fylkeskommunen krev òg at prosjektet unngår fysiske inngrep i ein avgrensa gråor-heggeskog. **Naturvernforbundet i Hordaland** peiker på samla belastning og tap av INON. **FNF Hordaland** påpeiker at tiltaket vil føre til tap av INON og inngrep i sårbart høg fjellsområde av høg verdi. **Bergen Turlag** meiner tiltaket er i konflikt med friluftsinnteresser og landskap og rår til at det ikkje blir gitt

løyve. **Følgefonni breforarlæg** påpeiker at Alsåkerelvi er ei av dei viktigaste innfallsportane til "Følgefonna på langs" og at elva allereie er hardt nok belasta av eksisterande utbygging i nedre del av elva. **Statens vegvesen** har kommentert at avkjørselen frå fylkesveg 550 må utbetrast i samband med tiltaket.

Øvre delar av tiltaket ligg i sårbart høgfjell, og det går populære turstiar gjennom området. I tillegg er det registrert fleire viktige naturtypar langs elva. NVE har i sitt vedtak lagt vekt på omsynet til biologisk mangfald og friluftslivsinteresser. NVE meiner at med skånsame løysingar for tekniske inngrep, samt slepp av tilstrekkeleg minstevassføring, vil konsekvensane for allmenne og private interesser vere akseptable.

2. MOTSEGNA

Fylkesmannen i Hordaland fremja av omsyn til landskap, friluftsliv og naturverdiar motsegn til planane om Øvre Alsåker kraftverk i si fråsegn dagsett 5.7.2013.

Fylkesmannen påpeikar at Alsåkerelvi var høgt vurdert i samband med supplering av verneplan for vassdrag (St.prp. nr. 75 (2003-2004)). Av ulike grunnar vart vassdragsvernet ikkje vidareført, men vurderinga er likevel ein dokumentasjon på høge kvalitetar i området.

Fylkesmannen meiner at omfanget av INON-tapet er uakseptabelt og at inngrepet fører til irreversible inngrep i markerte landskapsområde ved Kumlevatnet og i Bergsgjelet og områda elles. Fjellområdet med tilhøyrande vassdragsnatur har store kvalitetar med lokal og regional verdi for friluftsliv og oppleving. Det ligg tre stølsområde langs vassdraget med 5-7 hytter ved Kumlevatn. Det er fleire turstiar i området og det er bygd bruer over elva, mellom anna ved Kumlevatn.

Fylkesmannen meiner at det ikkje må opnast for ny kraftutbygging i dei høgtliggjande fjellområda på Følgefonnhalvøya, og syner til verdiomtale i fylkesdelplanen.

3. DEPARTEMENTET SINE MERKNADER

Løyve til bygging av Øvre Alsåker kraftverk kan bli gitt om *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klager som er naudsynpte for å grunnkje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre tilhøve som ikkje er tekne opp av klager.

Departementet var den 20.8.2015 på synfaring av tiltaksområdet. I etterkant av OED si synfaringa sendte Ullensvang herad inn eit støtteskriv datert 9.9.15 der dei støttar søknaden om utbygging av Øvre Alsåker kraftverk.

Landskap, friluftsliv og natur med urøyrdd preg

Nedre Kumlevatn ligg på om lag 660 moh. Ut frå Kumlevatn renn elva roleg før den stuper ned i eit omtrent 60 m høgt fossefall. Elveløpet snur 180 grader og renn vidare gjennom Bergsgjelet. Gjelet står fram som eit eige landskapsrom der elva skjærer seg ned i nord-sør retning med bratte fjellsider på begge kantar. Etter Bergsgjelet flatar terrenget ut og elva går

gjennom skogsområde, hovudsakeleg i stryk og fossefall. Tiltaksområdet er ein del av Gråfjell-Håsetkolla som er eit regionalt friluftsområde med verdi C.

NVE meiner at inntaksløysinga i Nedre Kumlevatn vil bli synleg og redusere inntrykket av eit urøyrd område. Samtidig vil ei teknisk løysing med retningsstyrt boring av dei øvste delane av vassvegen vere lite synleg og dermed avbøte noko av konsekvensane slik at denne delen framleis vil stå fram som urøyrd.

NVE er einig med fleire av høyringspartane i at området har kvaliteter både når det gjeld landskap og friluftsliv. Fossen i Bergsgjelet er synleg frå øvre del av turstien som går på nordsida av elva, men er elles ikkje synleg i eit større landskapsrom. Fossen vil bli redusert ved ei utbygging, men NVE meiner at noko av landskapskvaliteten vil bli teke vare på gjennom tilstrekkeleg slepp av minstevassføring, og i periodar med overløp vår og haust.

NVE meiner at Øvre Alsåker kraftverk vil ha akseptable ulemper for landskap og friluftsliv ved ei utbygging på nærmare fastsette vilkår.

Departementet meiner det er klart at området har verdi for landskap og friluftsliv og at tiltaket vil få negative konsekvensar for fossen i Bergsgjelet og opplevinga av Kumlevatnet som urøyrd. Departementet støttar likevel NVE si vurdering om at ei utbygging på nærare fastsette vilkår vil ha akseptable ulemper for landskap og friluftsliv..

Biologisk mangfald

Det er ikkje registrert forekomst av artar med status som trua eller nær trua på Rødlista 2015 som er venta å bli nemneverdig påverka av Øvre Alsåker kraftverk, men tiltaket vil råke tre naturtypelokalitetar av lokal verdi.

Øvre Alsåker kraftverk vil fråføre vatn frå to fossesprøytsoner med lokal verdi. Fossesprøytsona øvst i Bergsgjelet vil ikkje ha nemneverdig restvassføring som bidreg til å auke fuktigheita og vil dermed bli vesentleg påverka. Fossesprøytsona lenger nedstraums på Aldal vil bli påverka i mykje mindre grad sidan det er betrakteleg restvassføring som kjem inn i elva før lokaliteten. NVE legg vekt på at begge fosseprøytsonene er av lokal verdi og ikkje inneheld sjeldne eller trua artar. NVE legg òg vekt på at andre kjende fossesprøytlokalitetar i regionen har enten uregulert vassføring eller er teke omsyn til gjennom avbøtande tiltak slik at lokaliteten ikkje har fått redusert verdi.

Den tredje naturtypelokaliteten er ein gråor-heggeskog ved Øyane nedanfor Bergsgjelet der Alsåkerelvi møter Fossdalselvi og Bjørngjeletelvi. Småkraft AS uttalar at det ikkje er planlagt tekniske inngrep inne i lokaliteten og NVE har lagt dette til grunn. NVE meiner at lokaliteten vil bli noko råka av fråføring av vatn frå Alsåkerelvi, men at vassføringa i dei to andre elvene, samt flaumoverløp i om lag 7 veker i året frå inntaket til Øvre Alsåker kraftverk vil føre til at lokaliteten sannsynlegvis opprettheld sin flaumpåverknad og verdi som naturtype.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli råka av ei utbygging.

NVE har vurdert og vektlagt naturmangfaldlova sine prinsipp i løyvet til Øvre Alsåker kraftverk. Departementet sluttar seg til NVE sine vurderingar etter naturmangfaldlova. Departementet vurderer krava i naturmangfaldlova § 7 for å vere oppfylt.

Samla belastning

I den nedre delen av Alsåkerelvi, mellom kote 220 og kote 6, ligg Ytre Alsåker kraftverk som er i drift. Ved bygging av Øvre Alsåker kraftverk vil Alsåkerelvi bli kraftig påverka av vasskraftutbygging og det vil berre vere igjen eitt fossefall mellom dei to kraftverka som er urøyrd. I naboelva Yståni blei det gitt løyve til ei utbygging 22.12.2010. Grunneigar og Småkraft AS har i brev til NVE, dagsett 5.4.2014, opplyst at dei ikkje lenger ønskjer å byggje ut Yståni og har fråfalt løyvet. NVE forutset i si vurdering av samla belastning for Alsåker at Yståni blir verande uregulert i framtida.

Vidare mot Utne ligg det to minikraftverk og det er bygd to minikraftverk inn mot Sørfjorden på den ytre delen av Folgefonnhalvøya. Samla sett meiner NVE at påverknaden på vassdraga frå vasskraft gir relativt små verknadar for landskapet på den ytre delen av Folgefonnhalvøya. Departementet støttar NVE sine vurderingar og legg vekt på at Yståni ikkje blir bygd ut.

Vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

” ...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.”*

Etter departementet sitt syn viser vurderingane av tiltaket i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova at Øvre Alsåker kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane. Formålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til lokal sysselsetting og verdiskaping. Kraftverket vil òg gje inntekter til grunneigarar og kraftutbyggjar. Departementet meiner at fordelan utbygginga medfører ikkje kunne vore oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylt.

Andre forhold

For ei nærare vurdering av saka syner departementet til NVE sitt bakgrunn for vedtak i KSK-notat nr. 25/2014 og nr. 26/2014. Departementet sluttar seg til NVE sine vurderingar.

Oppsummering

Øvre Alsåker kraftverk vil bidra med ein årleg produksjon på rundt 16 GWh fornybar energi. Tiltaket vil gje positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar og kommune.

Departementet meiner at ei utbygging av Øvre Alsåker kraftverk i tråd med NVE sitt løyve vil ha akseptable ulemper for landskap, friluftsliv, biologisk mangfald og andre interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Øvre Alsåker kraftverk er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. DEPARTEMENTET SITT VEDTAK

Motsegna til Fylkesmannen i Hordaland blir ikkje teke til følgje. NVE sitt vedtak av 22.4.2014 om løyve til bygging av Øvre Alsåker kraftverk blir oppretthalde.

Dette vedtaket kan det ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.”

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Siri Merethe Fagerheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Hordaland fylkeskommune
BKK Nett AS
Fylkesmannen i Hordaland
Hardanger Energi AS
Hordaland fylkeskommune
Naturvernforbundet Hordaland
Norges vassdrags- og energidirektorat
Naturvernforbundet i Hordaland
Hardanger Energi AS